

---

Saksnr: 2020/79063-2  
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen  
Dato: 14.12.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling

---

## Høyrings svar sendt frå Vestland fylkeskommune til Utdanningsdirektoratet om ny læreplan Vg3 gartnarfaget

Vestland fylkeskommune sende høyrings svar knytt til den nye læreplanen for Vg3 gartnar. Det er avklara at høyring knytt til enkeltfag kan handsamast administrativ. Nye læreplanar i alle fag er ein del av fagfornyninga. Utdanningsdirektoratet sende læreplan for Vg3 gartnar på høyring med frist den 15.november. Vestland fylkeskommune spelte inn at den nye læreplanen for Vg3 gartnar må gje rom for eit skulealternativ for vaksne og ikkje berre eit 2+2 løp slik læreplanen nå legg opp til.

### Vaksengartnar utdanninga

I Hordaland har utdanninga vaksengartnar eksistert sidan 2009 og er vidareført i Vestland fylkeskommune frå 2020. Utdanninga er finansiert over jordbruksoppgjæret og det er Landbruks- og matdepartementet som tildeler midlane. Målgruppa er vaksne over 25 år som står i/har tilknytning til gartnarnæringa. Utdanninga strekker seg over to år og dekkjer Vg2 landbruk og gartnarnæring og Vg3 Gartnarnæring. Undervisingstilbodet er samlingsbasert, det vert lagt opp til 9 samlingar per skuleår à 3 dagar. Kvar samling er på 22 undervisingstimar. Mellom samlingane arbeider deltakarane med ulike fagoppgåver. Samlingsbasert utdanning gir rom for at vaksne kan ta utdanninga samtidig som dei står i jobb. Utdanninga bidreg til naudsynt og kontinuerleg kompetanseheving i næringa. Tale på søkarar til tilbodet er kvart år monaleg større enn inntakskapasiteten tilsvarande ein yrkesfagleg klasse. Fråfallet er samstundes svært lite.

### Dialogmøte på Voss vgs om vaksengartnarutdanninga

Den 28.oktober vart det arrangert eit møte på Voss vidaregåande skule for å få innspel frå næringa til vaksengartnarutdanning. Representantar frå frukt, bær, grønt og veksthus deltok. Møtet understreka sterk at ein må finne løysingar i den nye lærefagordninga, der den skulebaserte utdanninga vert vidareført, til dømes som eit alternativt Vg3 i skule for denne målgruppa. Det vart peika på at dette primært er vaksne som står i praksisfeltet som tilsette, eigarar/drivarar av verksemda, eller som skal ta over denne. Dei manglar tilstrekkeleg fagkompetanse med å drifte garden, veksthusa eller annan jobb.

### Høyringsuttalen frå Vestland fylkeskommune

Høyringsuttalen er lagt ved i denne saka. Vestland fylkeskommune understreka at dei nye læreplanane må gje rom for at vaksne kan gjennomføre Vg3 gartnar som eit skuleløp. Om 2+2 modellen skal gjelde for vaksne vil det ikkje vere tilstrekkeleg med søkarar igjen til vaksengartnar og næringa mister eit viktig utdanningstilbod.

### Vedlegg

#### 1 Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune